



EIDE BRANDASUND AS AVD BRANDASUND
Brandasundvegen 359
5423 BRANDASUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mulen, 5764 3127

Inspeksjonsrapport etter tilsyn hos Eide Brandasund AS avd. Brandasund - Bømlo

Kontrollnummer: 2026.007.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 25. februar 2026 hos Eide Brandasund AS avd. Brandasund (organisasjonsnummer: 933 312 550).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har manglar ved handtering av farleg avfall
- Avvik 2: Verksemda har for høge verdiar av KOF

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Verksemda må rette opp avvik snarast. Vi ber om at de sender Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 26. juni 2026.

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med saksnummer 2019/7206.



Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik nr. 1: Verksemda har manglar ved handtering av farleg avfall

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Avfallsforskrifta

- § 11-5 om forsvarleg oppbevaring
- § 11-8 leveringsplikt

Om krava

Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje samanblandast dersom dette kan medføre fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

Det farlege avfallet skal leverast minst ein gong per år. Plikta inntretr ikkje før den totale mengda farleg avfall overstiger 1 kilo.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Under kontrollen vart det observert at farleg avfall som var lagra, mangla merking, og det var fleire ulike typar farleg avfall som var samanblanda i oppbevaringsbeholdarane.

Verksemda kan ikkje dokumentere å ha levert farleg avfall sidan 2024.

Avvik nr. 2: Verksemda har for høge verdiar av KOF

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyve etter forureiningslova for Sjøtroll Havbruk AS avd. Brandasund datert 28.03.2017
Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 7

Om krava

I verksemda sitt løyve etter forureiningslova er det sett grenseverdiar for utslepp til vatn. For kjemisk oksygenforbruk (KOF) er grensa sett til 600 mg/l.

Vilkår 2.6 i løyvet presiserer at internkontrollen skal sikre at mellom anna krava i løyvet vert haldne, og at verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Jamfør internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 7 skal verksemda iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsette i eller med heimel i helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

I eigenkontrollrapporten har verksemda opplyst at middels tallverdi er 683 mg/l, og høgste tallverdi er 860 mg/l. Dette er over grensa for KOF i løyvet, og er dermed eit brot på vilkår i løyvet.

Under kontrollen kom det fram at dette ikkje er ført som eit avvik i verksemda sin internkontroll.



Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Eide Brandasund AS avd. Brandasund må betale eit gebyr på 43 100 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 17. februar 2026 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg, og han skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn. Tilsynet var gjennomført som ein del av [ein tilsynsaksjon]/ etter klage/ osv.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Toril M Mullen
- Grete Hamre
- Amalie Johannessen

Kontaktperson hos verksemda:

- Elisabeth Sandven

Anlegg

Anlegget til Eide Brandasund AS avd. Brandasund, Bømlo vart kontrollert under tilsynet.

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- støy
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:



- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyvet etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- internkontrollen
-

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Eide Brandasund AS avd. Brandasund har overteke Sjøtroll Havbruk AS avd. Brandasund sitt produksjonsanlegg for slakting og bearbeiding av oppdrettsfisk på Brandasund i Bømlo kommune.

Eide Brandasund AS avd. Brandasund er omfatta av EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) med tilhøyrande BAT-konklusjonar og bindande utsleppsgrenser (BAT-AEL) for næringsmiddelproduksjon. For å få meir tid til å prøve ut og installere nye reinseløysingar og å gjennomføre andre utsleppsreducerande tiltak, har verksemda søkt Statsforvaltaren om mellombels unntak frå BAT-AEL. Søknaden har vore inne til samråd hjå Miljødirektoratet, og vi har fått klarsignal til å gi unntak i ein avgrensa tidsperiode.

Då verksemda starta produksjonen ved anlegget, fekk de nytte Sjøtroll Havbruk AS avd. Brandasund sitt løyve etter forureiningslova, dette vart seinast endra 28.03.2017. Statsforvaltaren har no starta ein prosess med å revidere verksemda sitt utsleppsløyve slik at vilkåra og utsleppsgrensene blir i tråd med krava i IED og BAT-konklusjonane for næringsmiddelproduksjon.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Med helsing

Grete Hamre
senioringeniør

Toril M Mullen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

BØMLO KOMMUNE

Rådhuset Leirdalen 1

5430

BREMNES